

2007/2008



sognefjord

- Jotunheimen
- Jostedalsbreen



Balestrand - Vik - Leikanger - Sogndal - Luster

www.sognefjord.no



Korleis komme hit?

Avstandar med bil (til Sogndal)

Frå	Via	Km	Køyretid
Oslo	Gol / Hemsedal	330	5 t
Oslo	Fagernes / Filefjell	350	5,5 t
Oslo	Lillehammer / Lom / Sognefjellet	495	7 t
Bergen	Voss / Lærdalstunnelen	235	3,5 t
Bergen	Gudvangen / Nærøfjorden (Ferje til Kaupanger)	162	4 t
Bergen	Voss / Vikafjellet	220	4 t
Bergen	Lavik / Balestrand	255	4 t
Trondheim	Otta / Lom / Sognefjellet	420	6 t
Trondheim	Otta / Stryn / Skei	550	7 t
Kristiansand	Haukeli / Odda / Voss	540	8 t

Finn kart og vegbeskrivelse på f.eks www.gulesider.no



Ekspressbåten til Sogn

Fly

Fleire daglege direkte ruter frå Bergen (30 min) og Oslo (45 min). Rutetider: www.wideroe.no

Ekspressbåt

Daglege avgangar frå Bergen sentrum til Sogndal sentrum. Båten er også innom Vik, Balestrand og Leikanger. Rutetider: www.fjord1.no

Ekspressbuss

Fleire daglege avgangar frå Bergen, Oslo og Trondheim. Buss frå Oslo og Trondheim også via Otta/Sognefjellet om sommaren.

Rutetider: www.fjord1.no

Tog

Fleire gonger dagleg korresponderer tog frå/til Bergen og Oslo med den bratte og spennande Flåmsbana. Korrespondanse med buss til Sogndal mm.

Rutetider: www.nsb.no eller www.flamsbana.no

Inn til Norge

Fly: www.sasbraathens.no, www.norwegian.no, www.wideroe.no

Ferje: www.colorline.no, www.dfds.no, www.fjordline.com



Innhald

Fjorden	6	Aktivitetar	28
Fossar	11	Fiske	32
Breen	12	Klima / årstider	36
Fjell & Fjellturar	16	Overnatting	40
Arrangement	22	Servering	44
Attraksjonar	24	Praktisk informasjon	64

Vi tek ikkje ansvar for eventuelle feil og manglar i denne guiden .

Foto: Finn Loftesnes, Terje Rakke, Debrafoto/Oskar Andersen, Iren Vatne, Kurt Skagen, Sognafoto/Grunde Engan, Rolf M. Sørensen, Harald Vatne, Helge Noss, Jiri Havran, Jørgen Hundset, Balestrand Kommune, Sognefjord Akvarium/Bjørn Schanke Sande, Vikjavev/Torstein Hønsi, Jotunheimen Reiseliv AS, Terje Eggum, Sigve Taklo Sekse, Nancy Bundt/Innovasjon Norge, Terje Rakke/Nordic Life AS/Innovasjon Norge, Johan Wildhagen/Innovasjon Norge

Sognefjord - store nasjonale attraksjonar

LENGST – STØRST – HØGST – ELDST

Den lengste fjorden i verda, Sognefjorden, ligg midt i Fjord Norge og strekkjer seg heilt inn til foten av nasjonalparkane Jotunheimen og Jostedalsbreen. I dette området er naturen både dramatisk og gjestmild, og innbyr til spennande og forfriskande aktivitetar for heile familien.

I Jostedalsbreen Nasjonalpark får du oppleve **den største isbreen** på det europeiske fastlandet, der den strekkjer mektige armar av blåis ned i frodige dalar. Jotunheimen Nasjonalpark består av **dei høgste fjella** i Norge, og den nasjonale turistvegen som går her, Sognefjellsvegen, er den høgste fjellovergangen i Nord Europa. Nokre av dei høgste fossane i Norge ligg også ved Sognefjorden.


Levande bygdesamfunn byr på ekte kulturopplevingar. Her ligg unike opplevingssenter og museum, som Norsk Bremuseum,

Breheimsenteret, Sogn Folkemuseum, Sognefjord Akvarium og Den Norske Bokbyen. Fleire av dei mest kjende stavkyrkjene finn du også her. Urnes Stavkyrkje er **den eldste** i Norge, og står på UNESCO si verdsarvliste.

Opplev også store og **spennande arrangement**, som Norsk Fjellfilmfestival, Gamalostfestivalen, Tinderittet, Jotunheimen Rundt, Balejazz, Kjerangi Open, Blåe Tonar under Breen, Fanaråken Opp, NM i motbakkeløp og mykje meir.

Størst på aktivitetstilbud!

Brevandring • Fjellturar • Kajakkpadling på brevatn og fjordar • Rafting • Helikopterturar • Sommarski • Grotteturar • Sykkelturar • Båtturar • Fjellklattring • Hesteriding • Turar med hest og kjerre • Juvvandring • Gardsbesøk • Hundespannkøyring • Isklattring • Alpinski og mykje meir!



Urnes Stavkyrkje



Skjolden - inst i Sognefjorden



Sognefjellsvegen / Jotunheimen Nasjonalpark

Kontakt oss

Området er dekkja av to destinasjonsselskap: Reismål Sogndal og Luster, som består av kommunane Luster og Sogndal, og Sognefjord Reiseliv BA, som består av kommunane Balestrand, Leikanger og Vik. I sommarsesongen har vi i tillegg sju opne turistinformasjonskontor.

Reisemål Sogndal og Luster

Pyramiden Kontorfellesskap

N-6868 Gaupne

(+47) 976 00 443

info@visitsogn.info

www.sognefjord.no

Sesong: heile året

Ope: 10-15 (man-fre)

Sognefjord Reiseliv BA

Balestrand – Leikanger – Vik – Fjærland

Postboks 53, N-6898 Balestrand

Tel: (+ 47) 57 69 16 17

reiseliv@sognefjord.no

www.sognefjord.no

Sesong: heile året

Ope: 10-15 (man-fre)



Brevandring – Jostedalsbreen Nasjonalpark

Sogndal Turistkontor

Stad: Sogndal Kulturhus (Hovevn 2)

Tel: (+47) 976 00 443

01.05-17.06: 10 - 16 (man-fre)

18.06-19.08: 09 - 18 (man-fre)

10 - 16 (lør)

20.08-30.09: 10 - 16 (man-fre)

Luster Turistkontor

Stad: Pyramiden senter, Gaupne

Tel: (+47) 976 00 443

18.06-19.08: 10 - 17 (man-fre)

Jostedal Turistkontor

Stad: Breheimsenteret, Jostedal

Tel: (+47) 57 68 32 50

01.05-17.06: 10 - 17

18.06-19.08: 09 - 19

20.08-30.09: 10 - 17

Skjolden Turistkontor

Stad: Fjordstova, Skjolden

Tel: (+47) 976 00 443

10.06-30.06: 14 - 19

01.07-12.08: 11 - 19

13.08-31.08: 14 - 19

Balestrand Turistkontor

Stad: Holmatunet

Tel: (+47) 57 69 12 55

01.05-30.05: 10 - 17 (man-lør)

01.06-01.09: 08 - 18 (man-lør)

10 - 17 (søn)

01.09-30.09: 10 - 17 (man-lør)

Vik Turistkontor

Stad: Vikøyri

Tel: (+47) 57 69 56 86

01.05-30.05: 10 - 17 (man-lør)

01.06-01.09: 08 - 18 (man-lør)

10 - 17 (søn)

01.09-30.09: 10 - 17 (man-lør)

Fjærland Turistkontor

Stad: Den Norske Bokbyen / Mundal

Tel: (+47) 57 69 32 33

28.04-30.09: 10 - 18



Sognefjorden

- og dei vakre fjordarmane

Sognefjorden ligg midt i Fjord Noreg, og er med sine 204 km verdas lengste fjord. På det meste er fjorden over 1300 m djup og fjella langs fjorden går opp i over 1700 m.

Sognefjorden har fleire spesielle fjordarmane som strekkjer seg inn mellom stupbratte fjell og endar i små, idylliske bygder. Den mest kjende av desse fjordane er den smale Nærøyfjorden, som no er oppført på UNESCO si verdsarvliste. Du kan vere med på ulike **båtturar** og oppleve fjordane heile året. Andre freistande fjordaktivitetar er **kajakkpadling**, **fjordrafting**, **fisketurar**, **robåtturar**, **bading** og mykje meir.

Sogn Fjordmuseum på Kaupanger fortel historia om livet ved fjorden, og på **Sognefjord Akvarium** i Balestrand lærer du om livet i fjorden.



Lusterfjorden

Særprega fjordarmane

Nærøyfjorden - smal og dramatisk

Den verdskjende Nærøyfjorden er den smalaste, villaste og mest dramatiske fjordarmen i verda. Fjella reiser seg bratt og høgt opp frå vatnet og skapar ei trolsk stemning. Blir du med ferja på Nærøyfjorden, frå Kaupanger til Gudvangen, får du oppleve noko av det mest spesielle landskapet Norge kan by på.

Fjærlandsfjorden - inn mot Jostedalsbreen

Den smale og vakre Fjærlandsfjorden er omkransa av bratte, skogkledde lier og strekkjer seg heilt inn mot den majestetiske Jostedalsbreen. Fjordvatnet her har ofte ein nydeleg, lysegrøn farge pga. brelvane som renn ut i fjorden.

Lusterfjorden - inn mot Jotunheimen, Breheimen og Jostedalsbreen

Landskapet kring Lusterfjorden er svært malerisk, og mange store kunstnarar har lete seg inspirere av den spesielt vakre naturen her i enden av Sognefjorden. Lusterfjorden strekkjer seg heilt inn til foten av Jotunheimen, Breheimen og Jostedalsbreen, og frå Skjolden i aust til Solund i vest, er Sognefjorden heile 204 km lang.

Finnafjorden - veglaus og eksotisk

Finnafjorden er den minste av fjordarmane, men kanskje også den mest spesielle. Nesten utilgjengeleg ligg fjorden der med berre eit smalt sund før den vidar seg ut innover mot Finnabotn. Her stuper fjella rett i fjorden.

Opplevelsesrike båt- og ferjeturar

Fjærlandsfjorden

Vangsnes – Hella – Balestrand – Fjærland
Sesong: 1. mai – 30. sept.

Nærøyfjorden

Kaupanger – Gudvangen
Sesong: 1. mai – 30. sept.

NB! BILLETTAR TIL SALS PÅ TURISTKONTORA

Vanlege bilferjer går mange gonger kvar dag, heile året. Ferja Mannheller - Fodnes (Rv 5) går f.eks. kvar halvtime på dagtid og kvar time om natta.

For dei fleste rutetabellar og online booking mm, sjå www.fjord1.no

For charterbåtturar og andre båtturar sjå www.fjordcruise.no

Sogndal – Bergen

(via Leikanger, Balestrand og Vik mm)
Sesong: Heile året

Balestrand – Leikanger – Flåm

Sesong: 1. mai – 30. sept.

Kjøp dagsturar på turistkontora!

Opplev:

- Nærøyfjorden og Flåmsbana
- Fjærlandsfjorden, Norsk Bremuseum og Bøyabreen
- Jostedalsbussen: Breheimsenteret, Nigardsbreen inkl. brevandring
- Urnes Stavkyrkje
- Bergen
- Øyhopping i Ytre Sogn

Vi sel også billetter til andre ferjer, båtar og aktivitetar i området



Familietur på Nigardsbreen



Busstransportøren ved Sognefjorden

www.gasta.no
Foto: oskar-andersen.no

Ekspressbussar til/frå Oslo, Bergen,
Lillehammer og Ålesund.
Turbussar av høg kvalitet.
Rutebussar

Ruteopplysning: tlf. 177 / www.ruteinfo.net / SMS 2177

Fjord1

Sogn Billag

www.fjord1.no

Vi skal same vegen

NOR-WAY
BUSSEKSPRESS



National Geographic Magazine

kåra i 2004 dei norske fjordane
til verdas vakraste reisemål

Inform Media | www.inform.no

Våre mest populære turistruter,
utgangspunkt frå Bergen eller destinasjonar i Sogn og Fjordane:

- Ekspressbåt Bergen-Balestrand-Flåm
- Verdens vakraste ferjetur Lærdal-Kaupanger-Gudvangen
- Fjord & Bretur til Fjærland med besøk på Norsk Bremuseum og buss til breen.

Kombiner eit fjordeventyr med ei overnatting og utforsk Sognefjorden og Kysten!

Ruteinformasjon og booking på

fylkesbaatane@fjord1.no eller telefon +47 55 90 70 70

Fossar ved Sognefjorden


Fleire stader ved Sognefjorden kan du oppleve majestetiske fossar som kastar seg utfor steile fjellsider. Fleire av desse er blant dei **høgste fossefalla i Norge**.

I mai, når snøen smeltar i fjellet, er mange fossar så store at du kan høyre den kraftige duren av dei på lang avstand, og ein varm sommardag er det ei forfriskande oppleving å gå så tett inntil ein foss at du kjenner den kjølige vinden frå fossen og får ein dusj av friskt fjellvatn i ansiktet.

Dei mest kjende fossane

Feigumfossen, Luster

Den 218 meter høge Feigumfossen ligg idyllisk til på sørsida av Lusterfjorden. Du kan gå den korte turen opp til fossen, eller nyte synet frå den nasjonale turistvegen langs nordsida av fjorden.



Feigumfossen

Kvinnafossen, Hella

Kvinnafossen har 120 meter fall, og ligg rett ved riksvegen mellom Leikanger og Hella. Under snøsmeltinga, eller når det har regna mykje, driv vatnet over bilvegen.



Kvinnafossen

Drivandefossen, Mørkridsdalen / Luster

Drivandefossen finn du i vakre og frodige Mørkridsdalen i Skjolden, innerst i Sognefjorden. Stien til Åsetevatnet og DNT-hytta på Fast går forbi like ved fossen. Her får dei fleste seg ein svalande dusj i drevet av fossen (derav namnet). Fotturen opp til fossen tek 15-20 minutt.



Jostedalsbreen Nasjonalpark

- og dei vakre brearmane

Med sine 500 km², er Jostedalsbreen den største isbreen på det europeiske fastlandet. Denne gigantiske ismassen dekkjer både fjelltoppar og djupe dalar i nasjonalparken, og strekkjer mektige armar av blåis ned i frodige dalar nær fjordane våre. Mange vert forundra når dei finn ut kor lett tilgjengeleg fleire av desse brearmane er, og at det kan vere nesten like varmt ved isen som ved fjorden.

I Jostedalen, Fjærland og fleire andre stader kan du bli med erfarne og lokalkjende breførarar på brevandring. På Nigardsbreen i Jostedalen er det mellom anna daglege familieturar heile sommaren. Besøk Norsk Bremuseum og Breheimsenteret for å lære meir om Jostedalsbreen Nasjonalpark.



Norsk Bremuseum, Fjærland



Breheimsenteret, Jostedal



Breheimsenteret, Jostedalen

Dei mest kjende brearmane

Nigardsbreen, Jostedal / Luster

Dette er ein av dei lettast tilgjengelege brearmane. Etter ein kort båttur over brevatnet kan du komme tett inn til blåisen på eiga hand, eller bli med breførarar opp på isen.

Bøyabreen, Fjærland / Sogndal

Bøyabreen ser du på nært hald frå riksvegen. Tek du turen bort til Brevasshytta, kan du kjøpe deg mat og nyte utsikten til breen frå det store panoramavindauga i restauranten.

Bergsetbreen, Jostedal / Luster

Den majestetiske Bergsetbreen ligg berre ein times lett gange frå bilvegen, og er truleg ein av dei aller vakraste brearmane.

Austerdalsbreen, Veitastrand / Luster

“The finest ice-scenery in Europe”, sa den engelske fjellmannen W.C. Slingsby om Austerdalsbreen og dei imponerande brefalla Odin, Tor og Loke. Hit kjem du etter ein lett fottur frå Tungestølen.

Flatbreen / Supphellebreen, Fjærland / Sogndal

Flatbreen ligg meir enn 1000 moh. Oppe ved brekanten og Flatbrehytta er utsikta til fjorden fantastisk. Det tek 2-3 timar å gå opp, og breturane her har aldersgrense 15 år.

Tunsbergdalsbreen, Leirdalen / Luster

Denne vakre breen er den lengste brearmen i Norge. Hit kjem du med førar frå Leirdalen

Isbreen er alltid i bevegelse, og blokker med is kan falle av fronten. Ein må difor aldri gå på breen utan førar, eller gå forbi sperringane som er sette opp rundt brearmane.



Nigardsbreen

Transport til breen

Jostedalsbussen

- Daglege avgangar Sogndal - Nigardsbreen (Jostedalen) i juli og august, med korrespondanse frå Balestrand, Leikanger, Vik, Flåm, Lærdal, Årdal mm.
- Passar for dei som vil på brevandring, kajakkpadling, hesteriding, rafting eller berre sjå breen og Breheimsenteret
- Rundturbilletter (inkl. brevandring, bremuseum og buss) til sals på turistkontora

Brebåten, Jostedalen / Luster

- Går fram og tilbake heile dagen i sommarsesongen (vanlegvis 10-18) mellom parkeringsplassen ved Nigardsbrevatnet og Nigardsbreen.

Brebussen, Fjærland / Sogndal

- Daglege avgangar frå ferjekaien i Fjærland via Norsk Bremuseum til Bøyabreen og Supphellebreen med korrespondansar frå Sogndal, Flåm og Balestrand m.fl. i sommarsesongen
- Passar for dei som vil sjå breen og besøke Norsk Bremuseum mm
- Rundturbilletter (inkl. båttur, buss og bremuseum) til sals på turistkontora



Nigardsbreen



Jotunheimen Nasjonalpark

- og andre vakre fjellområde

Jotunheimen Nasjonalpark- dei høgste fjella i Norge

Heile Jotunheimen nasjonalpark er prega av høge fjell og brear, og her finn du dei høgste fjella i Norge. Dei tre høgste toppane er Galdhøpiggen (2469 moh), Glittertind (ca. 2465 moh) og Store Skagastølstind (2405 moh).

Køyrer du den nasjonale turistvegen over Sognefjellet mellom kommunane Lom i aust og Luster i vest, får du sjå Store Skagastølstind (Storen) og mange andre imponerande toppar på nært hald. Det går buss over Sognefjellet frå Otta til Sogndal to gonger dagleg i sommarsesongen.

Jotunheimen er eit av Norges mest populære turområde både sommar og vinter.

Dessutan er Hurrungane-massivet i Vest Jotunheimen eit mekka for fjellklatrarar og andre fjellsportentusiastar, med meir enn 20 toppar over 2000 meter. Turtagrø i Luster, ved foten av Hurrungane, har lange klatretradisjonar og blir kalla "klatresportens vugge". Fjellførarar tilbyr klatreturar i tindane og føring over breane mm.

Rundt påsketider vert det sett kvistar i snøen langs fleire av rutene i Jotunheimen, Breheimen og andre fjellområde, slik at skigårarar finn lettare fram. På Sognefjellet Sommarskisenter kan du gå på langrennsski i preparerte løyper om sommaren.

Breheimen

Breheimen er fjellområdet mellom dei to nasjonalparkane Jotunheimen og Jostedalsbreen, og er no føreslått verna. Fotturen gjennom Mørkridsdalen vert rekna for ein av dei vakraste fotturane i Noreg, og den Norske Turistforeninga kára denne ruta til den mest florarrike turen. Det finst mange stolar og store fiskevatn i området, som vert nytta mykje av både lokalbefolkninga og tilreisande.

Stølsheimen

Stølsheimen landskapsvernområde er karakterisert av mange stolar i eit kupert fjellandskap som grensar ned mot eit dramatisk fjordlandskap. Innanfor verneområdet ligg den veglause og eksotiske Finnafjorden i Vik kommune.

Jostedalsbreen Nasjonalpark - den største isbreen

Nesten halvparten av Jostedalsbreen Nasjonalpark er dekkja av den største isbreen på det europeiske fastlandet - Jostedalsbreen. Sjå meir info i eige kapittel, side 12.

Det er også mange andre flotte fjellområde rundt fjorden. Kontakt turistkontora for meir informasjon.



Saurdalen, Balestrand



Store Skagastølstind

Vakre fjelloverganger

Sognefjorden er omringa av høge, majestetiske fjell, og dei fleste vegane inn og ut av dette området går difor gjennom vakre fjellområde. Her kan du gå fotturar, klatre, gå på ski og fiske, eller berre slappe av og nyte den friske lufta og den imponerende utsikta.

Sognefjellet – Norges første nasjonale turistveg

Den nasjonale turistvegen over Sognefjellet, Rv 55, mellom Luster og Lom, er den høgste og kanskje mest imponerende fjellovergangingen i Nord Europa (høgste punkt 1430 moh). Her kjem ein tett inn på den majestetiske naturen i Jotunheimen Nasjonalpark.

Gaularfjellet Rv 13

Langs denne ruta frå Dragsvik (Balestrand) til Moskog (Førde) kan ein sjå mange vakre, små fossar og elvar. Vegen er særskilt kjent for dei 9 hårnålssvingane ein kørerer gjennom på Balestrandssida av fjellet. På toppen er det flott utsikt.



Sognefjellet

Vikafjellet (Stølsheimen)

Vikafjellsvegen, Rv 13 mellom Vik og Vinje/Voss, går gjennom flotte fjellområde, og er eit godt utgangspunkt for fotturar eller skiturar både på Vikafjellet og i Stølsheimen. Karakteristisk for Stølsheimen er alle dei gamle stølane.

Andre fjelloverganger

Fjellvegen mellom Aurland og Lærdal, (R 243), er ei fin rute å kombinere med ein rundtur til f.eks. Nærøyfjorden og Flåmsbana. Ei anna rute det er fint å ta med i ein rundtur er Tindevengen, som knyter Årdal saman med Luster og Sognefjellsvegen om sommaren. Dette er ein litt smal og svingete bomveg som ikkje passar for store bussar.

Fleire av fjellvegane er opne heile året, men enkelte er vinterstengde. For informasjon om vegar og køyreforhold sjå Statens Vegvesen eller ring dei på tel. 175 (frå utlandet ring (+47) 815 48 991). For informasjon om bussrutene over fjella, ring (+47) 57 65 95 12 eller sjå www.fjord1.no

Fotturar og fjellklatring

Dei mest kjende fjellturområda rundt Sognefjorden er Jotunheimen Nasjonalpark, Jostedalbreen Nasjonalpark, Breheimen og Stølsheimen, men det er mange flotte turar å velje mellom i kvar einaste bygd ved fjorden.

Du kan spasere langs fjorden, vandre på kulturstiar og historiske vegar eller gå fjellturar som gjev deg unik utsikt til fjordar, fjell og brear. Fleire stader kan du også vere med på spennande guida spasereturar, fotturar, brevandring og klatreturar (sjå side 26).

Stort nettverk av stiar og fjellhytter

Den Norske Turistforening (DNT) har mange merka ruter og trivelege hytter i fjella rundt fjorden, og Luster er den kommunen i Norge som har flest DNT-hytter. Standarden varierer frå flotte turisthytter med matservering, til enkle sjølvbetjeningshytter. Du kan gå fotturar frå hytte til hytte eller bruke hyttene som utgangspunkt for dagsturar i fjellet.

Sesong og vær

Sognefjorden er eit flott turområde heile året, men juli, august og september er dei aller beste månadane for fotturar i høgfjellet. Ver merksam på at vêret uansett skiftar raskare i høgfjellsområda enn i låglandet, og uver og tåke kan komme brått på.

Utstyr og informasjon

Førebu deg på alle typar vêrtilhøve når du legg ut på langtur, og ta med kart, kompass / GPS, regnklede osv. Topografiske turkart får du kjøpt hjå bokhandlarar og turistkontora i området. På turistkontora får du også lokal informasjon om flotte fotturar du ikkje bør gå glipp av!

Finn meir info på www.sognefjord.no og www.turistforeningen.no



Vikafjellet



Molden



Fjellturforslag:

Fjelltur	Start	Total gangtid	Vanskegrad	Særpreget
Fannaråken	Turtagrø	6 t	Tung	Topp i Jotunheimen, alpint landskap, flott utsikt
Fuglesteg	Fortun	3 t	Lett / middels	Flott steinhus og utsikt til Skjolden og fjorden
Bergsetdalen	Krundalen/ Jostedalen	2-3 t	Lett	Breutsikt, ein av Norges vakraste familieturar
Molden	Mollandsmarki/ Hafslo	3 t	Middels	Flott fjordutsikt
Austerdalsbreen	Tungestølen/ Veitastrand	3 t	Lett	"The finest ice scenery in Europe", (W.C. Slingsby)
Nuken	Sogndal sentrum	5-6 t	Middels	Populær tur. Utsikt til stolar og bygder
Storehaugen	Sogndal Lufthavn Haukåsen	3-4 t	Middels	Flott utsikt til Sogndal og fjorden
Flatbrehytta	Supphelledalen/ Fjærland	5 t	Tung	Flott bre- og fjordutsikt
Kjerringafjell	Kleppa / Leikanger	5 - 6 t	Middels	Utsikt til fjorden
Tjuatoten	Lunde / Dragsvik	4 t	Middels	Vid utsikt til mange fjordbygder
Sværaskaret	Gaularfjellet, Torsnesstølen. (Obs! Stopp er i Sværen / Sværefjorden)	3 t	Lett	Fjell til fjord, utsikt

NB: Kjøp kart og turbeskrivelser på turistkontora.

Arrangement 2007

Dette er dei arrangementa me hadde oversyn over då Sognefjordguide gjekk i trykken. Sjå www.sognefjord.no for oppdaterte lister, eller kontakt turistkontora, så får du vite meir om kva som skjer i området.



Opning av DNT-hytte på Fuglesteg

April

1. **"Hafslovatnet Rundt"** skirenn, Hafslo / Luster www.sognskisenter.no
7. **Påskerenn**, Sogn Skisenter / Hafslo / Luster www.sognskisenter.no
17. **"Helt Besatt av Becky Mode"** - soloforestilling av Bjarte Hjelmeland, Sogndal www.sogndal.kulturhus.no
21. **Kjeringi Open**, Leikanger www.kjeringi-open.no
- 27 **Konsert** med Eva & the Heartmaker, Meieriet / Sogndal www.meieriet.no
28. **Tinderittet** (1200 m nedfart frå Dyrhaugsryggen), Turtagrø / Luster www.tinderittet.com

Mai

- 1.-5. **Kurs i alpin skiferdsel**, Turtagrø/Hurrungane/Luster www.norgesguidene.no
10. **Kulturkveld med Edvard Hoem på Munthehuset**, Kroken / Luster www.munthehuset.no
- 10.-13. **High Camp**, Turtagrø / Luster www.highcamp.no
- 11.-13. **Balejazz**, Balestrand www.balejazz.no
13. **"Nåde"**, teaterforestilling med Bjørn Skagestad og Liv Bernhoft Osa i hovudrollane, Sogndal www.sogndal.kommune.no
- 23.-28. **Gamalostfestivalen**, Vik
- 25.-27. **Kulturdagane**, Skjolden / Luster

Juni

- 6.- 10. **Lustramarknaden**, Gaupne / Luster
- 19-24. **Norsk Brefestival**, Jostedalen www.brefestivalen.no
23. **Boknatt**, Fjærland www.bokbyen.no
- 25.-29. **Fjellsporkurs**, Turtagrø / Hurrungane / Luster www.norgesguidene.no
- 29.06-01.07 **Sognefjord Lerum Cup**, Sogndal www.sognefjordcup.no

Juli

- 2.-6. **Toppturuke**, Turtagrø / Hurrungane / Luster www.norgesguidene.no
6. **Jotunheimen Rundt**, Lærdal, Luster, Sogndal www.jotunheimenrundt.com
- 21.-27 **The Viking Tour**, sykkelritt, Vik, www.vikingtour.no
- 28.-29. **Olsokmarknaden**, Fortun / Luster

August

5. **Sognefjellsmarsjen**, Sognefjellet / Luster www.fanaraaken.com/sognefjell.html
- 10.-12. **Sognefjord Swim Festival**, Leikanger / Feios / Balestrand www.fjordswim.no
11. **Turtagrø - Fanaråken Opp og NM motbakkeløp** www.fanaraaken.com
18. **Sogn Gamaldansfestival**, Parken / Gaupne www.luster.kommune.no/parken
- 24.-26. **Blåtonar musikkhelg** (Blåe Tonar under Breen), Jostedalen www.blaatonar.no

September

- 7.-9. **Fjellfilmfestivalen**, Turtagrø / Luster www.fjellfilm.no

Andre arrangementslister:

- Fotballkampar** Sogndal, Fosshaugane Campus www.sogndalfotball.no
- Kino, konsertar og teater** i Sogndal, Sogndal Kulturhus www.sogndal.kulturhus.no
- Konsertar** på Meieriet i Sogndal www.meieriet.no

*I tillegg til desse fins det mange lokale arrangement rundt om i Sognefjordområdet, mellom anna i samband med 17.mai, Jonsok, Olsok osv. Ta kontakt med det lokale turistkontoret for meir informasjon om slike arrangement.



Jotunheimen rundt



Sognefjord Swim Festival

Attraksjonar

Det fantastiske Sognefjordlandskapet, med buldrande fossefall, blå brear, frodige dalar, tronge fjordar, massive fjellrekkjer og idylliske bygder har lokka til seg oppdagarar, fjellklatrarar og kunstnarar i meir enn 150 år. Her finn du spennande kultur med nasjonale kulturskattar. Levande bygder byr på ekte kulturopplevingar, unike opplevingscenter, museum, kunstgalleri, stavkyrkjer og historiske stader. Urnes Stavkyrkje er den eldste stavkyrkja i Norge, og står på UNESCO si verdsarvliste.



Produkt: Bremuseum Breiemsenteret
6871 Jostedal
Tel: (+47) 57683250
www.jostedal.com
Sesong: 1. mai - 30. sept

Nasjonalparksenter tett inntil Jostedalsbreen Nasjonalpark, ved foten av Nigardsbreen. Nigardsbreen er den lettast tilgjengelege brearmen, og har også dei beste breturane i landet. I Breiemsenteret finn du ei stor utstilling der du kan lære om naturen, kafé med varme og kalde måltid, souvenirbutikk og turistinformasjon.



Produkt: Bremuseum Norsk Bremuseum
6848 Fjærland
Tel: (+47) 57 69 32 88
www.bre.museum.no
Sesong: mai - okt
(nov - april på forespurnad)

Museet er eit opplevingscenter om is, brear og landskap. Du kan gjere dine egne eksperimenter med 1000 år gamle is frå Jostedalsbreen, og interaktive modellar formidlar kunnskap på ein ny og spennande måte. Ny opplevingsutstilling om klimaendringar opnar sommaren 2007.



Produkt: Stavkyrkje Urnes Stavkyrkje
Fortidsminneforeninga
Pb. 437, 6853 Sogndal
Tel: (+47) 57 67 88 40
www.stavechurch.com
Sesong: 1. juni - 31. aug

Den eldste stavkyrkja i landet (1132) og den einaste av stavkyrkjene på Unesco si liste over dei fremste kulturskattane i verda. Kyrkja har ornamentikk frå 1060-talet og er særdeles rikt dekorert. Ligg vakkert til på sørsida av Lustrafjorden. Her finn vi og dei eldste spora etter kyrkjebygging i Noreg.



Produkt: Stavkyrkje Kaupanger Stavkyrkje
Fortidsminneforeninga
Pb. 437, 6853 Sogndal
Tel: (+47) 57 67 88 40
www.stavechurch.com
Sesong: 9. juni - 18. aug

Den største stavkyrkja i Sogn (ca 1150) og har vore i kontinuerleg bruk som soknekyrkje i over 850 år. Mellomalderkonstruksjonen er bevart og kyrkjerommet blir boren av 22 stavar, det største tal stavar som er funne i ei stavkyrkje. Det meste av interiøret er frå 1600-talet.



Produkt: Stavkyrkje Hopperstad Stavkyrkje
Fortidsminneforeninga
Pb. 437, 6853 Sogndal
Tel: (+47) 57 67 88 40
www.stavechurch.com
Sesong: 18. mai - 14. sept

Frå første halvdel av 1100-talet og ei av dei eldste stavkyrkjene våre. Ein populær turistattraksjon med sin karakteristiske utsjånad med tak over tak i fleire etasjar. Den rikt utskorne vestportalen er rekna blant dei eldste romanske portalane i landet. Alterbaldakinen frå 1300-talet er eineståande i sitt slag i Noreg.




Produkt: Akvarium Sognefjord Akvarium
6899 Balestrand
Tel: (+47) 57 69 13 03
www.kringsja.no/akvarium.htm
Sesong: mai - sept

Fjordsenter med informasjon om Sognefjorden, ligg i sentrum av Balestrand. Her kan ein studere over 100 ulike artar frå fjorden og sjå modellar og utstillingar. Film til lokale folketonar. Fiskeaktivitetar og bruk av robåt og kano. Galleri. Bryggerrestaurant.



Produkt: Galleri Det Gylyne Hus
Kaien i Balestrand
Tel: (+47) 91 56 28 42
Sesong: 15. april - 10. okt

Kunstnarduoen Bjørg Frøisok Bjøberg og Arthur Adamson ynskjer deg velkomen til ei vandring gjennom galleria med sine originalarbeid kring lys og glede, natur og folkeli, vinter og sommar. Galleributikken «Gylyne øyeblikk» med gode tilbod og godt utval. Historiske bygdesamlingar. Guiding på forespurnad.



Produkt: Galleri Galleri Walaker 300 Walaker Hotel
Solvorn
Tel: (+47) 57 68 20 80
www.walaker.com
Sesong: mai - sept

Bygningen, slik han står i dag, vart bygd i 1883 med materialar frå tømmerkyrkja i Solvorn, bygd ca 1600. I den bevaringsverdige fjøsbygningen vert det arrangert utstillingar av lokale og nasjonale kunstnarar. Første utstilling opner 1. mai, og andre i byrjinga av juni.



Produkt: Museum De Heibergske Samlinger – Sogn Folkemuseum
Vestreim, 6854 Kaupanger
Tel: (+47) 57 67 82 06
www.dhs.museum.no
Sesong: 1. mai - 30. sept

Dette er eit av dei eldste og største folkemusea i landet. Her er stort friluftsmuseum, med gardsdrift, og omfattande utstillingar. Sogn Fjordmuseum er avdelinga for fjordkultur. Dette museet har gratis inngang og er ope i juni, juli og august. Her er m.a. ei eineståande samling av båtar frå Sogn.




Produkt: Bokby Den Norske Bokbyen
6848 Fjærland
Tel: (+47) 57 69 22 10
www.bokbyen.no
Sesong: 28. april - 30. sept

Den Norske Bokbyen i Fjærland er den første bokbyen i Norge, og har 250.000 brukte bøker på fleire ulike språk. Gamle fjøs og naust er tekne i bruk til bokutsal. Nokre av bokutsala er kombinert med kafe, husflidsutsal og kunstgalleri.



Produkt: Museum Munthehuset
Kroken/Luster
Tel: (+47) 57 68 37 25
www.munthehuset.no
Sesong: mai - sept
Omvising for grupper

Det nyrestaurerte herskaps huset på garden Ytre Kroken i Luster har historie som adels gods og kunstnarsenter. Det var møtestad for forskarar, geografar og Norges fremste kunstmålarar i den nasjonalromantiske perioden, første halvdel av 1800-talet.



Produkt: Gardsbesøk Urnes Gard og Hjortefarm
Tel: (+47) 90 60 02 18 / (+47) 48 03 99 93
www.urnes.no
Sesong: mai - okt

På Urnes Gard, eit steinkast frå verdsarvminnet Urnes stavkyrkje, kan du delta på hjortesafari. Du får høve til nærkontakt med dei flotte dyra, ta del i foring og få interessant og spennande informasjon. Fin aktivitet for heile familien, grupper, skuleklassar.




Produkt: Museum Saffthuset
Sørheim/Luster
Tel: (+47) 90 13 73 02
www.lerum.no
Sesong: mai – sept

1909 bygde Kari og Nils H. Lerum Saffthuset på Sørheim. Her starta dei saftproduksjon i industriell samanheng. Produksjonen av saft og syltetøy vart seinare flytta til Sogndal, og verksemda er i dag kjend som det store Lerum-konsernet. Omvising for små og større grupper, 30 kr pr pers.




Produkt: Statue Fridtjov den Frøkne
6894 Vangsnes
Sesong: heile året

Statua av Fritjov den Frøkne (= den modige) ragar 22 meter over bakken og er eit godt synleg landemerke. Statua vart gitt som gåve frå Keiser Wilhelm II i 1913, fordi han var så begeistra for området og for segna om Fritjov.



Produkt: Kyrkje St. Olavs kyrkje
6899 Balestrand
Sesong: mai - sept

Den engelske kyrkja vart bygd i 1897. Kyrkja er ein kopi av dei gamle stavkyrkjene og er underlagt erkepiskopen i Gibraltar. I sommarsesongen er her anglikanske messer ved engelske prestar.



Produkt: Kyrkje Dale Steinkyrkje
Luster
www.sognefjord.no
Sesong: 1.juni - 31.aug
Sept - mai: på bestilling

Dale Kyrkje, i bygda Luster, er ei særmerkt steinkyrkje frå 1200-talet, med mellom anna gotisk arkitektur og veggmåleri frå 1400-talet. Ope for besøkande.



Produkt: Kyrkje Hove Steinkyrkje
Fortidsminneforeninga
Pb. 437, 6853 Sogndal
Tel: (+47) 57 67 88 40
www.stavechurch.com
Sesong: 21. juni - 10. aug (ons-søn)

Frå ca 1170. Rike gravfunn frå romartida peikar ut Hove som eit tidleg høvdingsete. Kyrkja vart i 1880-åra kjøpt og restaurert av arkitekt Blix, som redda ho frå riving. Innvendig har kyrkja vakker og fargesterk dekor og mellomaldersk interiør. Arkitekt Blix vart gravlagd under kyrkjegolv.



Produkt: Kyrkje Gaupne Gamle Kyrkje
Fortidsminneforeninga
Pb. 437, 6853 Sogndal
Tel: (+47) 57 67 88 40
www.stavechurch.com
Sesong: 28.juni - 3.aug (ons-søn)

Gaupne gamle kyrkje er frå 1647 og har fleire spor frå den tidlegare stavkyrkja, bl.a. portalplankane med drakeornament datert til 1100-talet. Interiøret vitnar om stor målarglede, og er rikt på detaljar og gammalt inventar.

Andre attraksjonar

Produkt			
Museum	Kristianhus Båt & motormuseum	Vik	57 69 56 86
Galleri	Haukaas Emaljeverksted	Balestrand	57 69 14 19
Kyrkje	Kvamsøy kyrkje	Balestrand	57 69 15 48, ring for bestilling
Statue	Kong Bele statuen	Balestrand	
Statue	Baldersteinen	Leikanger	
Statue	Runesteinen, frå 1100-talet	Sogndal	
Statue	Gjest Baardsen statue	Sogndal	

Stavkyrkjene er dei eldste trebygningane i Noreg og det viktigaste landet har ytt til verdsarkitekturen

Borgund Stavkyrkje ca 1180

Sesong: 02.05 - 30.09
Stengt: 17. mai.
Ope: 02.05 - 10.06 og 21.08 - 30.09: kl.10.00 - 17.00
11.06 -20.08: kl.08.00 - 20.00
Prisar: 65/55/45

Hopperstad Stavkyrkje, Vik ca 1130-1140

Sesong: 18.05 - 14.09
Ope: 18.05 - 18.06 og 14.08 - 14.09: kl.10.00 - 17.00
19.06 - 13.08: kl.09.00 - 19.00
Prisar: 45/40/30

Urnes Stavkyrkje ca 1132

Sesong: 01.06 - 31.08
Ope: kl.10.30 - 17.30
Prisar: 45/40/30

Kaupanger Stavkyrkje ca 1150

Sesong: 09.06 - 18.08
Ope: kl.09.30 - 17.30
Prisar: 35/30/25

Hove Steinkyrkje ca 1170

Sesong: 21.06 - 10.08
Ons-søn ope: kl.11.00 -16.00
Prisar: 35/30/25

Gaupne Gamle Kyrkje ca 1647

Sesong: 28.06 - 03.08
Ons-søn ope: kl.11.00 -16.00
Prisar: 35/30/25

Hestad Kapell ca 1805

Sesong: 03.07- 01.08
Ons-søn ope: kl.11.00 -16.00
Prisar: 35/30/25



Hopperstad Stavkyrkje

Foto: Jiri Havran



Urnes Stavkyrkje

Foto: Jiri Havran



Kauanger Stavkyrkje



Aktivitetar

Sognefjordlandskapet er fullt av kontrastar, og her ligg forholdsvis tilrette for store naturopplevingar og forfriskande aktivitetar. Det er svært få plassar i verda du kan finne eit så stort utval aktivitetar innan eit så lite område! Enten du ønskjer å slappe av, eller søker fysiske utfordringar, så vil du finne passande aktivitetar der du kjem i nær kontakt med naturen. Dyktige guidar tek deg med på organiserte aktivitetar som er tilpassa folk i alle aldrar.



Produkt: Brevandring
Jostedalen Breforlag
6871 Jostedal
Tel: (+47) 57 68 32 50
www.bfl.no
Sesong: mai - sept

Jostedalen Breforlag tilbyr ulike breturar på Nigardsbreen kvar dag heile sommaren. Her finst lette familieturar for alle over seks år, og lengre blåisturar for dei som ynskjer meir utfordrande opplevingar. Du treng ikkje ha erfaring for å delta, og dei fleste breturane er ikkje kondisjonskrevjande.




Produkt: Kajakkture
Moreld – Fjord & Mountain Adventure
in Kroken, Balestrand, Sogndal, Solvorn.
Tel: (+47) 97 19 57 40
www.moreld.net
Sesong: mai - sept

Natur, panorama, dyreliv, fossar, stavkyrkje – opplev fjordlandskapet i havkajakk eller til fots. Korte, lette turar eller uforgløyemelege overnattingsturar frå Balestrand, Sogndal, Solvorn eller Kroken. Du kan bestille per e-post, telefon eller på det lokale turistkontoret.




Produkt: Brevandring
Leirdalen Bre og Juv
Leirdalen, 6868 Gaupne
Tel: (+47) 91 76 37 54 /
(+47) 47 02 78 78
www.breogjuv.no
Sesong: 1. juni - 30. sept

Breturen på Tunsbergdalsbreen, som er Noregs lengste brearm, startar med ein båttur i den mektige vestlandsnaturen. Deretter går me i lett terreng inn i Jostedalsbreen Nasjonalpark. Etter ein spennande bretur, mellom høge istårn og langs djupe bresprekker, returnerer me same veg.




Produkt: Kajakk på isbrevatn
Ice troll Glacier Lake kayaking
6871 Jostedal
Tel: (+47) 57 68 32 50
www.icetroll.com
Sesong: mai - okt

Kajakk- og breturar på Styggevatnet og Tunsbergdalsvatnet på austsida av Jostedalsbreen. Bli med på dagstur, overnattingstur og 2-dagstur. Ingen aldersgrense eller krav til fysisk form, og turane passar både for individuelle og grupper. Utstyr til turen er inkludert. Prisar frå kr 750,- (dagstur).




Produkt: Rafting
Skjolden Rafting
6876 Skjolden
Tel: (+47) 47 39 24 60
www.skjoldenrafting.net
Sesong: 1. juni - 31. aug

Tilbyr rafting på Mørkridselva, som renn ut i Skjolden og Lusterfjorden, samt guida fotturar på forespørsel. Varigheit 3 - 5 timar. Me kan servere lokal mat på turen på ein idyllisk stad dersom det er ynskjeleg. Prisar frå NOK 400.-




Produkt: Fjellføring
Fimbul Jostedal
6871 Jostedal
Tel: (+47) 99 45 09 21
www.fimbuljostedal.no
Sesong: vinter (vår og haust)

Fimbulvinteren varte i tre år til ende i følgje norrøn mytologi. Fimbul Jostedal tek deg med på kurs og føring i fjell-Noreg. Med base i Jostedalen plassert mellom Jotunheimen, Breheimen og Jostedalsbreen tilbyr vi toppturar, skredkurs og isklartring.



Produkt: Juvvandring
Leirdalen Bre og Juv
Leirdalen, 6868 Gaupne
Tel: (+47) 91 76 37 54 /
(+47) 47 02 78 78
www.breogjuv.no
Sesong: 1. juni - 30. sept

Turen startar i idyllisk skogsterreng, før me når bunnen av juvet, der elva Leirdøla renn. Dette er ein spennande familietur, med aktivitetar som fiske, bading, hopping frå berg, og klatring gjennom grotter og over steinar. Du må ha gode sko!




Produkt: Hesteryding
Raudskarvfjellet Turridning
6871 Jostedal
Tel: (+47) 57 68 32 50
www.jostedal-horseguiding.no
Sesong: mai - sept

Opplev unike Jostedal frå hesteryggen. Ri framover den største aktive breen i Europa på det europeiske fastland, Fåbergstolsgrandane. Ein tur for deg som set pris på urord natur i eit spesielt landskap, forma av breen.




Produkt: Rafting
Moreld – Fjord & Mountain Adventure
Tel: (+47) 97 19 57 40
www.moreld.net
Sesong: mai - sept

Jostedalselva renn gjennom den ville og vakre Jostedalen. Her blir rafting eit eventyr og ei naturoppleving. Turen kan bestillast på Breheimsenteret eller på turistkontora, pr telefon eller e-post. 2 turar dagleg om sommaren.




Produkt: Fjelltur
Leirdalen Bre og Juv
Leirdalen, 6868 Gaupne
Tel: (+47) 91 76 37 54 /
(+47) 47 02 78 78
www.breogjuv.no
Sesong: 1. juni - 30. sept

Bli med på fjelltur i fjellområdet mellom Jostedalsbreen Nasjonalpark, og Jotunheimen Nasjonalpark. Utsikten er fantastisk mot begge nasjonalparkane, men også ned til Sognefjorden. Me har turalternativ som passar deg uansett fysisk form.




Produkt: Fjellfiske
Leirdalen Bre og Juv
Leirdalen, 6868 Gaupne
Tel: (+47) 91 76 37 54 /
(+47) 47 02 78 78
www.breogjuv.no
Sesong: 1. juni - 30. sept

Bli med på fisketur på brevetnet Tunsbergdalsvatnet, som er omkransa av fjelltoppar som stig 1000 meter opp fra vatnet, og har Jostedalsbreen Nasjonalpark som nærmaste nabo. Her er eit yrde fiskeliv, og sjansen til å få fisk er stor.



Produkt: Hesteryding
Solvorn Hest
6879 Solvorn
Tel: (+47) 41 51 08 38
www.solvornhest.com
Sesong: juni - sept

Hesteskyss og ridning i flott natur langs Sognefjorden. Idylliske turar med hest og vogn for heile familien. Opplev naturen frå hesteryggen! Dagleg turridning på stødige dølalhestar for personar med litt erfaring på. Ponnyridning for barn. Opplev Highland Cattle på garden



Produkt: **Fjordturar**
Fjord 1 Fylkesbaatane
 Tel: (+47) 55 90 70 70
 www.fjord1.no
 Sesong: heile året
 (turistruter mai - sept)

Dersom du verkeleg skal oppleve det Sognefjorden har å by på, bør du vere med på ein båttur på ein av dei vakre fjordarmene. Passasjerbåtar, ferjer og ekspressbåtar tek deg med til stader du elles ikkje hadde fått oppleve, som t.d. vakre Fjærlandsfjorden og Nærøyfjorden.



Produkt: **Kulturvandring**
Turistkontoret i Balestrand
 Tel: (+47) 57 69 12 55
 Sesong: mai - sept

Guida tur langs kulturminna i bygda. Grundig forklaring og skildring av det du ser langs ruta. Turen kan avsluttast med eit besøk på Sognefjord akvarium. Turistkontoret har foldar som beskriv ruta.

Andre aktivitetar

Brevandring, fjellklatring, grotteturar, skiguiding og isklatring, Norgesguidene AS, Tel 92 05 40 57, www.norgesguidene.no

Brevandring, Bre og Fjell, Fjærland, Tel: 57 69 32 33, www.breogfjell.no

Brevandring, Breporten, Veitastrand, www.breporten.no

Toppturar, skikurs, isklatring og skredkurs, Fimbul Jostedal, Tel: 99 45 09 21, www.fimbuljostedal.no

Toppturar, skitur på breen, ("Josten på langs") Jostedalen Breførarlag, Jostedal, Tel: 57 68 32 50, www.bfl.no

Klippeklatring, toppturar, sykkelturar med guide, bretur med isklatring, Sognatur, Sogndal, Tel: 90 08 55 09, www.sognatur.no

Guida turar, Molden Rundt, Tel: 48 24 41 74, www.sogneguide.com

Guida fjellturar og kajakkur, Sogn Adventure, Vik, Tel: 48 27 84 69, www.sognadventure.no

Charter båt, Sognefjord Charter Cruise, Vik, Tel: 57 69 65 55, www.chartercruise.no

Sommarski, Sognefjellet Sommarskiser, www.skjolden.com/sommarski

Gardsbesøk, Naustvoll Gard, Kvamsøy, Tel: 57 69 29 32 / 99 22 72 40, www.naustvollgard.no

Gardsbesøk, Henjatunet, Leikanger, Tel: 57 65 40 14, www.henjatunet.no

Sightseeing, fiske, cruise, safari og segletur, Norway Fjord Cruise, Tel: 57 65 69 99, www.fjordcruise.com



Produkt: **Kulturvandring**
Turistkontoret i Vik
 Tel: (+47) 57 69 56 86
 Sesong: mai - sept

Guida tur i Strandsitjarstaden og Hopperstad Stavkyrkje. Strandsitjarstaden er ei rekkje gamle hus på Vikøyri med særigne historiar. Det var dei som livnæra seg av fisken i fjorden og av handarbeid som budde her. Deler av Vikøyri er no verna og særpreget er teke vare på.



Produkt: **Naturvandring**
Turistkontoret i Balestrand
 Tel: (+47) 57 69 12 55
 Sesong: mai - sept

Guida turar frå sentrum i Balestrand på naturstiar der du får flotte opplevingar. Turane er godt eigna for familiar. Kart og informasjon kan ein få på turistkontoret.



Produkt: **Kulturvandring**
Leikanger Fjordhotel / Balestrand
Turistinformasjon
 Tel: (+47) 57 69 12 55 / (+47) 57 65 36 22
 Sesong: mai - sept

Guida tur som startar ved Leikanger Fjord Hotel og går via Baldershagen, Prestegardshagen, Leikanger kyrkje og gamle embetsgardar. På turen passerer ein også Skrivareiki. Eika er truleg over 250 år, ca 25 meter høg og 5 meter i omkrins.

Tunsbergdalsbreen

Longest glacierarm in Norway!

Fjellfiske • Bretur • Juvvandring

Leirdalen
Bre og Juv

Contact: (+47) 91763754
 (+47) 47027878
 www.breogjuv.no

Opplev unike Jostedal frå hesteryggen

RAUDSKARVJELLET TURRIDING

Raudskarvfjellet Turridding tek deg med på ein minneverdig ridetur i Jostedalsbreen Nasjonalpark. Eit barskt og urørt område, kanta av høge fjell. Fåbergstølsgrandane er den største aktive brelv-sletta på det europeiske fastlandet. Landskapet er prega av brelvar, som vi kryssar for å ta oss inn i dette unike området.

Booking på Breheimsenteret Jostedal, tlf: 57 68 32 50
Eller besøk oss på www.jostedal-horseguiding.no

Opplev Flåmsbana

– ein av verdas vakraste jernbanereiser

Visit Flåm
 THE FLÅM NORWAY RESORT
 www.visitflam.com

Flåmsbana
 THE FLÅM RAILWAY
 Tel.: (+47) 57 63 21 00
 Fax.: (+47) 57 63 23 50
 e-mail: flaamsbana@visitflam.com
 www.flaamsbana.no

Fiske

Ved Sognefjorden finst det fleire hundre gode fiskevatn. Dei fleste vatna ligg i fjella rundt fjorden, og området er difor ideelt for dei som ønskjer å kombinere fiske med fjellturar. Fjellauren du får i desse klare, friske vatna er rekna for å vere ei delikatesse.

Det er også mange lakseførande elvar ved Sognefjorden, der ein kan fiske etter laks eller sjøaure. Området har lange fisketradisjonar, og fleire lakseelvar har hatt høg status heilt frå slutten av 1800-talet. Fiske i fjorden er gratis heile året, og du kan mellom anna få sjøaure, torsk, hyse, kviting eller sei på kroken.

Du kan fiske frå brygger, svøberg og strender, eller leige båt. Nokre stader er det også mogeleg å bli med på guida fisketurar. Dei fleste som tilbyr overnatting ved fjorden og vatna, har dessutan båtar til disposisjon for kundane sine.

Fiskereglar og fiskekort

Fiskerettane i elvane og vatna tilhøyrer vanlegvis grunneigarane i dei aktuelle områda, og sal av fiskekort vert dei fleste stader organisert av lokale grunneigarlag e.l. Desse fiskekorta får du som oftast kjøpt på turistinformasjonar, kioskar, bensinstasjonar, overnattingsstader e.l.

Prisar

I dei fleste tilfelle kan du kjøpe fiskekort for ein dag, ei helg, ei veke eller eit heilt år. Prisane varierer frå plass til plass, og eit dagskort kan koste frå kr.50 og oppover. Barn under 16 år fiskar gratis (i perioden 1.januar – 20.august) der det ikkje finst laks og sjøaure.

Fisketrygdeavgift

Før du kan kjøpe fiskekort for lakseførande vassdrag, må du gå på eit postkontor eller Internett (www.inatur.no/fiskeravgift) og betale fisketrygdeavgift til staten. Enkelte stader er laksen totalfreda, men i desse vassdraga kan du vanlegvis likevel få kjøpt fiskekort for å fiske etter aure.

Sesong

I fjellvatna kan du oftast fiske så snart isen er vekke om våren, og i dei fleste lakseførande vassdraga kan du fiske frå omlag 1.juli til 15.september. Ver merksam på at reglane varierer frå elv til elv, og at nokre elvar også er opne for fiske tidlegare enn dette.

Fiske i fjorden

I fjorden kan alle fiske fritt med stang og handsnøre heile året, men for fiske med garn gjeld egne reglar. Ver også merksam på at det fleire stader ikkje er tillete å fiske ved elvemunningane, og at du då må gå meir enn 100 meter vekk frå munningen (eller grensa mellom elv og sjø), før du kan fiske.

Kontakt dei aktuelle turistkontora for meir informasjon om guida fisketurar, utleige av båtar, lokale fiskereglar og sal av fiskekort mm.



Lusterfjorden

Alt du treng vite om Sognefjorden

plankton - livet i sjøen - miljø - fiske - historie -
landformer - fjordaktivitetar



SOGNEFJORD AQUARIUM

AT THE CENTRE OF BALESTRAND
PHONE 57 69 13 03 www.kringsja.no

Sognefjellet - Jotunheimen

- eit eldorado for friluftinteresserte!

Hurrungane, Jotunheimen

Sognefjellsvegen RV 55

- Høgste fjellovergangen i Nord Europa
- Norges første, nasjonale turistveg
- Kåra til ei av dei vakraste sykkelrutene i verda

(The Guardian, januar -07)



Forfriskande aktivitetar:

